Sogn og Fjordane fylkeskommune
Nærings- og kulturavdelinga
Askedalen 2
6863 Leikanger

Sakshandsamar:
Thomas Michael Walle, mob: 926 22 055
Dato:
Sandane, 20.05.2019

Dykkar referanse: Sak nr. 19/1878-4

Søknad om tilskot til Fellesmagasin Angedalen

Vi viser til brev dagsett 13.05.19, gjeldande Musea i Sogn og Fjordane sitt prosjekt om ombygging av tidlegare Ramstad eskefabrikk til fellesmagasin for musea i fylket.

Musea i Sogn og Fjordane søkjer med dette om fylkeskommunalt tilskot på kr. **20 000 000** (eks. mva) av ein total prosjektkostnad på kr 65 000 000 (eks. mva). Vi tillèt oss i samband med dette også å søkje om ei auke i driftstilskot til på kr. **500 000**, for å dekke delar kostnadane knytt til naudsynte stillingar ved magasinet. Prosjektet inkl. føremål, framdriftsplan, finansieringsplan og organisering er greia ut for i søknad til Kulturdepartementet, sendt fylkeskommunen 5.3.19, samt i prosjektskildring sendt 19.3.19.

Hovudregelen er at det maksimale statlege tilskotet er 1/3 av dei totale prosjektkostnadane, og det er såleis lagt opp til ein finansieringsplan som avviker frå dette. Det fins samstundes dømer på at staten går inn med høgare del i einskilde prosjekt, seinast i statsbudsjettet for 2019 der Dokumentasjonssenteret ved Anno museum er gitt eit tilskot på 90 millionar av ein total prosjektkostnad på 170 millionar. Det skal og nemnast at Musea i Sogn og Fjordane har gått inn i prosjektet med ein stor eigenandel som ikkje kjem fram av finansieringsplanen, knytt til kjøp av Ramstad eskefabrikk i 2017 for kr. 12 100 000. Vi har von om at eit så viktig prosjekt som fellesmagasinet, med fylkeskommunal stønad blir vurdert positivt av Kulturdepartementet. Om staten vel å ikkje gå vekk får hovudregelen, er vi budd på å gå i dialog med fylkeskommunen om ein revidert finansieringsplan.

Fabrikkbygget er eigd av Musea i Sogn og Fjordane, og sjølv om aktivitetane og driftskostnadane vil auke når fellesmagasinet er i drift, er det alt i dag tatt høgde for delar av dei venta driftskostnadane i driftsbudsjettet. For 2019 er driftskostnadane om lag kr. 380 000 (m.a. skatt, avgift, forsikring, energi og avskriving). Nye og energieffektive løysingar vil føre til låge relative driftskostnadar samanlikna med dagens bygg. Ved realisering av fellesmagasinet, vil fleire eksternt leigde lager bli avvikla. Det er ikkje rekna på den totale innsparinga, men det vil frigje midlar som vil gå inn i drifta av fellesmagasinet.

Ei vesentleg kostnad ved drifta av magasinet er knytt til stilling(ar) som magasinforvaltar og teknisk konservator. Det er basert på dagens organisatoriske driftsmodell lagt opp til etablering av ei ny fast stilling som magasinforvaltar/teknisk konservator. Dette er ressursar som Musea i Sogn og Fjordane pr. i dag saknar og det er for budsjettåret 2020 søkt om auke i dei statlege tilskota for stilling som magasinforvaltar/teknisk konservator. Søknad om auke blei ikkje imøtekome for 2019, men musea har valt å allokere ressursar i inneverande år for eit mellombels engasjement knytt til samlingsforvalting. For å kunne oppretthalde dagens aktivitetar ved Musea i Sogn og Fjordane, søkjer vi om auke i det fylkeskommunale tilskotet for å dekke delar av kostnadane til ei stilling som teknisk konservator. I kombinasjon med eigne midlar sett av i budsjettet samt auke i statleg tilskot, har vi von om at det vert økonomi til å tilsette to fagressursar ved fellesmagasinet, som vil samarbeide med og stette øvre tilsette i organisasjonen.